



Galeas GURINE på sin seglas gjennom Storsund.

**Det var eit vakkert syn å sjå Galeas GURINE for fulle segl på Hardangerfjorden og i Storsund på Skjærtorsdag. Det var fyrste gongen GURINE hadde alle segla oppe etter restaureringa. I Storsund var rett nok seglføringa noko redusert, men ein fekk eit godt inntrykk av eit rigga farty med full seglføring.**

GURINE er bygd i 1875 som hardangerjakt for Eilev Hauge på Hatlestrand, vel 60 fot lang og med ei breidde på knappe 20 fot. Eigaren vart sjuk og fartyet vart liggjande utan rigg nokre år. Tre år seinare kjøpte Jacob T. Bleie fartyet og gjorde det klart for den såkalla slofarten på Nord Noreg.

Fartyet hadde ulike eigarar gjennom åra, vart på 1930 talet ombygd med styrehus og UNION motor. Etter eit havari i 1959 vart ho forlengd til 72,6 fot, slik fartyet er i dag.



[GURINE var bygd som hardangerjakt, men vart rigga om til galeas ved restaurering på 1980 talet.](#)

Kari og Georg Gundersen, busett på Askøy den gongen, kjøpte skuta i 1985. Dei la ned eit stort arbeid med restaurering og ombygging til galeas. Etter 30 år med vernestatus fekk Interesselaget for Galeas GURINE hand om skuta. I mai 2011 vart ho slept frå Sandviken i Bergen til Rosendal, av kutteren VAARSOL med brørne Hammerø ved roret.

Sidan den tid har GURINE vore under restaurering, vart sett på sjø og døypt på nytt i 2019. No er GURINE rigga, utstyrt, innreidd og gjort klar for turar på fjorden.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Ordin Østebø/ Øystein Enæs